



**SAMFUNNSDELEN AV  
KOMMUNEPLAN FOR  
BJØRNAFJORDEN  
KOMMUNE  
2023-2035**

Vedtatt  
3.11.2022



# INNHOLD

<b>ORDFØRAREN SITT FORORD</b>	s. 3
<b>FØRESETNADER OG FØRINGAR</b>	s. 4
A. LOKALE VEDTAK, INNSPEL OG UTFORDRINGAR	s. 5
1. Samfunnsmål, visjon og verdiar	s. 5
2. Innbyggarmedverknad	s. 6
3. Utfordringsbilete	s. 7
B. NASJONALE FORVENTNINGAR OG REGIONALE FØRINGAR	s. 8
1. FN sine berekraftsmål	s. 8
2. Statlege planretningslinjer og andre nasjonale føringer	s. 10
3. Regional planstrategi – «Utviklingsplan for Vestland»	s. 10
C. KOR MANGE OG KVEN ER BJØRNAFJORDINGANE FRAMOVER?	s. 11
D. NATURGITTE FØRESETNADER	s. 14
<b>SATSINGSOMRÅDE</b>	s. 15
A. FRAMTIDSRETTA TRANSPORT OG INFRASTRUKTUR	s. 16
B. FOLK OG FELLESSKAP I BEREKRAFTIGE TETTSTADAR OG LOKALSAMFUNN	s. 18
C. FRAMTIDSRETTA BJØRNAFJORDEN KOMMUNE	s. 21
1. Natur-, klima- og miljøvenlege lokalsamfunn	s. 21
2. Treffsikre tenester	s. 23
2.1 Treffsikre og framtidsretta tenester til barn, unge og familiær	s. 24
2.2 Treffsikre og framtidsretta helse- og velferdstenester	s. 26
3. Berekraftig og nyskapande næringsutvikling og arbeidsliv	s. 28
D. SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA	s. 30
<b>OPPFØLGING AV SAMFUNNSDELEN</b>	s. 32
A. OVERORDNA AREALSTRATEGIAR	s. 32
1. Levande bygder og attraktive tettstadar	s. 32
2. Arealmål og arealstrategiar	s. 35
3. Store statlege samferdsleprosjekt som berører Bjørnafjorden kommune	s. 37
B. STYRINGSSYSTEM	s. 38

## ORDFØRAREN SITT FORORD



Bjørnafjorden er ein ny kommune med store moglegheiter. Vi vil vera eit raust og attraktivt lokalsamfunn med vilje og evne til nyskapning. Og vi vil skapa det gode liv for alle i kommunen vår. Dette skal den første samfunnsdelen av kommuneplan for Bjørnafjorden kommune hjelpa oss med.

Den skal òg hjelpa oss i arbeidet med å knyta og byggja oss saman som ny kommune – på ein berekraftig måte. Derfor satsar vi på framtidsretta transport og infrastruktur, nye møteplassar og fellesskap. Fusa og Os slo seg saman 1.1.2020. Å byggja ein ny kommune tar tid og krev tolmod. No har kommunestyret vedtatt samfunnsdelen av kommuneplanen – det viktigaste styringsdokumentet vårt dei neste 12 åra og eit hjelphemiddel på vegen.

Samfunnsdelen legg rammene for aktivitet, planlegging og arealbruk i kommunen vår. Her finn du mange viktige mål og strategiar for å utvikla Bjørnafjorden på ein god og framtidsretta måte. Det handlar om natur-, klima- og miljøvenlege lokalsamfunn. Om samskaping og treffsikre kommunale tenester. Om nyskapande og grøn næringsutvikling og eit arbeidsliv med rom for alle. Mål og strategiar byggjer både på innspel frå innbyggjarar i alle aldrar, frå politikarane våre, og frå tenesteområda i kommunen, i tillegg til FN sine berekraftsmål og nasjonale føringer.

Bjørnafjorden – det er alle som bur og arbeider her, og vi må alle jobba for at den nye kommunen blir ein god stad å leva. Det gode samfunnet skaper vi i lag – slik vi har gjort det med denne planen. Derfor har vi «Samarbeid for å nå måla» som eitt av dei fire satsingsområda våre. Og derfor satsar vi på folk og fellesskap.

Vi inviterer alle bjørnafjordingar til å bli med på å skapa eit raust og attraktivt lokalsamfunn og det gode liv for alle her i Bjørnafjorden!

Bjørnafjorden 24.11.2022,

Trine Lindborg

– ordførar –

## FØRESETNADER OG FØRINGAR

Bjørnafjorden kommune vart til 1.1.2020 etter at dei to tidlegare kommunane Fusa og Os slo seg saman. Samfunnsdelen av kommuneplan for Bjørnafjorden kommune (KPS) legg føringar for arbeidet med å knyta saman og byggja den nye kommunen. Dette skal skje på ein berekraftig måte. Det vil seiå at vi skal halda oss innanfor natur-, klima- og miljømessige tolegrenser og sørga for at ingen fell utanfor sosialt, kulturelt og økonomisk. I omgrepet «berekraftig» ligg òg ei utvikling som dekkjer behova i dag, utan å øydeleggja livsvilkåra for framtidige generasjonar.



Arbeidet med å byggja Bjørnafjorden starta før samanslåinga, m.a. med strategidokumentet «Vi bygger Bjørnafjorden kommune», som vart vedtatt av fellesnemnda i 2019. 15. desember 2020 vedtok kommunestyret [Kommunal planstrategi for Bjørnafjorden kommune 2020-2024](#) (KPSt.). Der er utfordringsbiletet vårt skildra utførleg. Det byggjer m.a. på [folkehelseoversikta for Bjørnafjorden kommune](#) 2019-2022 «Levekår og helse i Bjørnafjorden kommune» og [KommuneROS Bjørnafjorden](#). Utfordringane våre er òg utdjupa i [KPS-planprogrammet](#) frå 2021. Etter ein omfattande medverknadsprosess og høyringsperiode, vedtok kommunestyret 3. november 2022 samfunnsdelen av kommuneplanen for Bjørnafjorden kommune for 2023-2034.

Samfunnsdelen av kommuneplanen er det viktigaste styringsdokumentet i kommunen og legg rammene for tenester, planarbeid og arealbruk dei komande 12 åra. Den byggjer både på FN sine berekraftsmål og overordna nasjonale og regionale føringar, og ikkje minst på innspel frå innbyggjarar, politikarar og ulike kompetansemiljø i kommuneorganisasjonen.

### LESERETTLEIING

Ut frå alle desse føresetnadane og føringane har vi vald fire hovudsatsingsområde (f.o.m. s. 15): A. Framtidsretta transport og infrastruktur; B. Folk og fellesskap i berekraftige tettstadar og lokalsamfunn; C. Framtidsretta Bjørnafjorden kommune, og D. Samarbeid for å nå måla.

Satsingsområde C er delt i følgjande delområde, som alle er ein del av det å vera ein framtidsretta kommune: C.1 Natur-, klima- og miljøvenlege lokalsamfunn; C.2 Treffsikre tenester og C.3 Berekraftig og nyskapande næringsutvikling og arbeidsliv.

Under kvart satsingsområde er det eit «framtidsbilete» som skildrar korleis vi ønskjer å ha det i 2035 – ved utgangen av planperioden. Så følgjer mål for satsingsområdet med tilhøyrande strategiar for å nå dei («Slik gjer vi det»).

Til slutt har vi samla føringar frå KPS for arealdelen av kommuneplanen, og for vidare oppfølging gjennom styringssystemet i kommunen.



## 1. Samfunnsmål, visjon og verdiar

Under arbeidet med kommunesamanslåinga vart det gjennomført ein omfattande «merkevareprosess» leia av designfirmaet Oktan. Her var både innbyggjarar og representantar for politikarane og dei tilsette involverte. Resultatet, som vart vedtatt av fellesnemnda i 2019, er ei **merkevareplattform** for Bjørnafjorden og for kommunen som organisasjon, der samfunnsoppdrag (misjon), visjon og verdiar er formulert. Dei skal liggja i botnen for alt arbeid i kommunen, inkludert planarbeid.

## VISJON OG VERDIAR

Eit raust og attraktivt lokalsamfunn med evne og vilje til nyskaping

Vi lyttar med respekt

Vi er inkluderande

Vi finn smarte løysingar

Vi gjer det vi seier

**SAMFUNNS -MÅL:**  
**Det gode liv for alle**

**Samfunnsoppdraget** vårt er definert både frå overordna styresmakter, og ut frå lokale behov og utfordringar. Ein kommune skal vera både samfunnsutviklar, tenestetilbydar, lokaldemokratiutviklar, myndighetsutøvar/forvaltar og arbeidsgjevar. I Bjørnafjorden kommune har vi definert følgjande samfunnsoppdrag eller **samfunnsmål**: «Det gode liv for alle».

**Visjonen** gir retning og noko å strekkja seg etter, og fortel kva vi vil at Bjørnafjorden kommune skal vera.

**Verdiane** våre seier noko om kva vi skal byggja Bjørnafjorden kommune på og korleis vi skal møta innbyggjarane våre.

## 2. Innbyggarmedverknad

Bjørnafjorden kommune er innbyggjarane. Utviklinga av lokalsamfunna og kommunen vår er eit felles ansvar – eit samarbeidsprosjekt mellom innbyggjarar, tilsette, politikarar og andre samfunnsaktørar. Medverknad for å definera mål, og samarbeid for å nå dei, er difor både nødvendig og naturleg. Vi har spurd korleis innbyggjarane vil at vi skal ha det i Bjørnafjorden framover. Og vi har fått mange svar!

«Vi må ta heile kommunen i bruk og vera flinke til å bruka og utvikla lokale ressursar og eigenart. Viktig å bygga felles identitet i ny kommune»

Kommunestyret har medverka gjennom KPS-verkstad og arbeidsgrupper – med ei arbeidsgruppe på tre representantar for løpende dialog med administrasjonen. Kommunedirektøren, plansjef og dei tre kommunalsjefane har vore administrativ styringsgruppe. Vi har også deltatt i regionalt planforum to gonger.

Vi har samordna medverknadsprosessar med KLEM-planen og med sektorplanane for kultur, idrett og friluftsliv, for oppvekst, og for helse og velferd.

Målet med medverknad i planarbeid i Bjørnafjorden kommune er m.a. auka kvalitet i kunnskaps- og vedtaksgrunnlag, demokratiutvikling, forankring og eigarskap, og styrking av stadidentitet, jf. kommunal planstrategi kap. 4.1.

«At vi klarar skape mindre forskjellar, at vi klarar redusere CO2-utslepp, at vi får fleire møteplassar på tvers av dei to gamle kommunane»

Koronapandemien gjorde at vi måtte tilpassa oss smittesituasjonen for å få arrangert fysiske medverknadsopplegg, og elles ta i bruk digitale løysingar. Vi har arrangert berekraftsmarsjar med spørjeundersøking både til dei to nye dagsturhyttene våre og i meir tilrettelagd utgåve på Vinnesholmen og på Lyngheim. Spørjeundersøkinga har også vore tilgjengeleg på nettsida til kommunen, saman med eit eige innspelsskjema for dei som heller ville nyta det.

Vi har hatt innspelsmøte med Bjørnafjorden beredskapsråd, næringslivet (kombinert med strategisk næringsplan), internasjonal kvinneklubb i Eikelandsosen og språkkaféen på Os, og dialogmøte med interesseorganisasjonane for menneske med nedsett funksjonsevne NFU og NHF Bjørnafjorden. Vi hadde spørjeundersøking for eldre på «Trygg i Bjørnafjorden»-arrangementa våre og "Ordførar for ein dag"-verkstader på dei tre ungdomsskulane våre for elevrådsrepresentantar, med påfølgjande spørjeundersøking for alle tiandeklassingane.

Dei tre råda våre – ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne – har deltatt på framtidssverkstader.

«Leggja til rette for at folk kan trivast i heile kommunen. Gode vegar og kommunikasjon som bind kommunen saman. Og folket sjølv må vera med og ta ansvar for sitt nærområde»

«Sidan me er sette saman av to geografisk/demografisk ulike kommunar med ulike tradisjonar for samhandling, er det viktig med fellesprosjekt og møteplassar på begge sider av fjorden»

### 3. Utfordringsbilete

Samfunnssdelen av kommuneplanen skal skildra kommunen sine langsiktige utfordringar, mål og strategiar. Utfordringsbiletet vårt er utførleg skildra i [folkehelseoversikta for Bjørnafjorden kommune](#) 2019-2022 «Levekår og helse i Bjørnafjorden kommune» og i [KommuneROS Bjørnafjorden](#), og oppsummert i [Kommunal planstrategi for Bjørnafjorden 2020-2024](#) og i [planprogrammet til KPS](#). Og vi har ikkje minst fått det både tydeleggjort, stadfesta og supplert gjennom medverknadsprosessane.

Hovudutfordringane til Bjørnafjorden kommune er m.a. knytte til stor variasjon i folketal, demografi, areal og arealbruk i ulike delar av kommunen. Vi har hatt svært stor folkevekst med tilhøyrande stort press på areal i fleire krinsar på Os-sida av fjorden. Andre stader har det vore ein liten vekst og god plass, medan det i nokre bygder og krinsar har vore så stor nedgang i folketalet at det har gått ut over tenestetilbod og sosialt liv. Her er det store utfordringar knytt til alderssamansetjing og låge fødselstal. Svak folketalsutvikling aukar risikoien for dårlagare folkehelse.

Utfordringane våre kan utdjupast i følgjande spørsmål og punkt:

- Kor stor vekst skal vi planleggja for? Prognosar frå Telemarksforskning for 2022-2040 viser at vi kan få alt frå nullvekst (ved låg attraktivitet) til ein auke på 7-8 000 innbyggjarar (ved framleis historisk høg attraktivitet) i dette tidsrommet, avhengig av kva føresetnader vi legg til grunn. Hausten 2022 opna E39-tunnelen mellom Bjørnafjorden og Bergen og korta reisetida kraftig. Kva får det å seia for Bjørnafjorden?
- Korleis få til utvikling i alle delar av kommunen, utan for stor arealspreiing? Det gode liv for alle i berekraftige, trygge og inkluderande tettstadar og lokalsamfunn? Og samtidig samordna bustad-, areal- og transportplanlegging og følgja opp byvekstavtalen? Korleis sameina overordna føringar om fortetting, transformasjon, nullvekst, nullutslepp, kollektivtransport, sykling og gåing med lokale utfordringar og ønske?
- Korleis knyta Bjørnafjorden saman til *ein* kommune kommunikasjons-/mobilitetsmessig, samtidig som vi legg til rette for å redusera transportbehovet? Transport på sjø og land står for dei største klimagassutsleppa i Bjørnafjorden. Svært mange barn og unge er avhengige av skuleskyss og skyss for å koma seg til sosiale møtestadar og fritidsaktivitetar. Ønsket om betre transport-tilbod gjeld òg alle dei andre medverknadsgruppene våre, frå eldre via flyktingar og menneske med nedsett funksjonsevne til næringslivet.

Korleis gjera det lettare å koma seg frå A til Å på ein berekraftig måte?



- Samansetjinga av befolkninga kjem til å endra seg i planperioden. Det blir fleire eldre (80 år+) og dermed òg fleire med demenssjukdom. Dette aukar behovet for tilrettelegging for eit alders- og demensvenleg samfunn i tråd med Leve heile livet-reforma, universell utforming, nytenking kring tenestetilbod osv. Samtidig blir det færre i yrkesaktiv alder pr. innbyggjar over 66 år, både i Bjørnafjorden og elles i landet, og dette gir auka personell- og rekrutteringsutfordringar.
- Bustadpolitikk for framtida: Det er behov for eit meir differensiert butilbod med berekraftig plassering og sterkare fokus på sosial bustadpolitikk
- Klimarisiko, klimatilpassing og omsyn til samfunnstryggleik og beredskap
- Sikra god balanse mellom (folke)vekst og omsyn til natur, miljø og biologisk mangfold
- Sikra gode og inkluderande møteplassar for alle i alle lokalsamfunna våre.

## B. NASJONALE FORVENTNINGAR OG REGIONALE FØRINGAR

Kommunal planlegging skal ikkje berre ta omsyn til lokale behov og ønske, men også til nasjonale føringar og forventningar. Kommunane skal ivareta både kommunale, regionale, nasjonale og globale mål, interesser og oppgåver.

Regjeringa kjem kvart fjerde år med eit forventningsdokument som skisserer kva kommunane skal leggja særleg vekt på i planlegginga dei komande fire åra. I kgl.res. 14. mai 2019 «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023» er det understreka at vi har fire store utfordringar i kommunane framover. Det handlar om å vera med på å skapa eit berekraftig velferdssamfunn, eit økologisk berekraftig samfunn, eit sosialt berekraftig samfunn og eit samfunn som er trygt for alle. Det er forventa at kommunane skal nytta planlegging som verktøy for heilskapleg berekraftig utvikling. Forventningane til innhaldet i kommunal planlegging er konkretisert i tre hovudområde: 1. vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet, 2. berekraftig areal- og transportutvikling og 3. byar og tettstadar der det er godt å bu og leva.

Vidare heiter det i forventningsdokumentet at FN sine 17 berekraftsmål skal vera «det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid» – også her til lands og i kvar enkelt kommune.

### 1. FN sine berekraftsmål



I Kommunal planstrategi for Bjørnafjorden kommune 2020-2024 vedtok kommunestyret at også FN sine berekraftsmål skal vera styrande for samfunns- og arealplanlegginga vår, saman med lokale behov og regionale føringar. Berekraftsmåla gir oss den strategiske retninga for samfunnsutvikling. Oppdraget vårt i Bjørnafjorden, som i resten av verda, er å utrydda fattigdom, bekjempa ulikskap og stoppa klimaendringane, innan 2030.

Vi skal planleggja for økologisk, sosial og økonomisk berekraft for den enkelte, for samfunnet og for framtidige generasjonar. Dette er framstilt på ein oversiktleg måte i «berekraftskaka» (sjå figur). Vi må heile tida spørja oss korleis vi kan løysa oppgåvene våre på ein måte som både tar omsyn til natur, miljø og klima; gjer at ingen fell utanfor samfunnet sosialt, og er økonomisk fornuftig.

Dei 17 FN-måla med sine 169 delmål og 232 indikatorar heng saman og støttar opp om kvarandre. Vi skal difor jobba med alle måla. Nokre mål er konkrete og avgrensa, andre er meir omfattande og overordna. I kommunal planstrategi valde vi tre overordna mål som heile kommuneorganisasjonen skal arbeida med på tvers av fagområde, for å målretta og «spissa» arbeidet vårt dei første åra.

Dei tre fellesmåla våre – tilpassa til lokale forhold – er:

- Mål 13: Stoppa klimaendringane
- Mål 11: Berekraftige tettstadar og lokalsamfunn
- Mål 9: Nærings, innovasjon og infrastruktur

I tillegg til desse tre fellesmåla, har vi sett på kva mål som høyrer saman med tenestene på kvart av dei tre kommunalområda i Bjørnafjorden kommune. På denne måten er alle dei 17 berekraftsmåla kopla mot tenesteområde hos oss.

- Helse og velferd: Mål 3 «God helse og livskvalitet for alle, uansett alder» som fellesmål for communalområdet + mål 1, 2, 5, 8, 9, 10, 11 og 13.
- Oppvekst: Mål 4 «God utdanning og livslang læring for alle» som fellesmål for communalområdet + mål 1, 2, 3, 5, 8, 9, 10, 11, 13 og 16.
- Samfunnsutvikling: Mål 11 «Berekraftige tettstadar og lokalsamfunn» som fellesmål for communalområdet + mål 2, 6, 7, 8, 9, 12, 13, 14, 15 og 16.

Mål 17 «Samarbeid for å nå måla» skal vera arbeidsmåten vår. I tillegg må vi vera framtidsretta, tenkja nytt og fornya oss, både i måten å arbeida på og i tenesteytinga, for å løysa både dei lokale og dei globale oppgåvene våre best mogleg.



Gjennom politikar- og innbyggarmedverknad har vi jobba med kva desse globale måla betyr for oss i Bjørnafjorden. Kva er mogleg å få til og kva er utfordrande lokalt? Kva mål er mest relevante for oss? Kva av våre utfordringar blir ikkje omfatta av berekraftsmåla, men krev spesielle lokale mål?

Vi ser òg at det kan vera motstrid mellom ulike mål, og at det kan vera situasjonar/saker der det er motstrid mellom dei tre dimensjonane. Her må det gjerast grundige vurderingar og kloke prioriteringar.

## 2. Statlege planretningslinjer og andre nasjonale føringer

Statlege planretningslinjer (SPR) blir brukt for å konkretisera nasjonale forventninger og markera nasjonal politikk på viktige område i planlegginga, og skal leggjast til grunn også ved kommunal planlegging. Dette gjeld t.d. SPR for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (frå 2014), for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (frå 2018) og for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (oppdatert 2021). Lenker til desse og andre nasjonale føringer er å finna i [planprogrammet til samfunnssdelen av kommuneplanen for Bjørnafjorden, side 24-25](#).

SPR for strandsoneforvaltning vart oppdatert etter at planprogrammet vårt var ferdig. [Her er lenke til den oppdaterte versjonen](#). Føremålet er å tydeleggjera nasjonal arealpolitikk og sikra nasjonale og regionale interesser i 100-metersbeltet langs sjøen. Bjørnafjorden er delt mellom to soner: Os-sida høyrer til sone 2 («andre område der presset på areala er stort») og Fusa-sida til sone 3 («område med mindre press på areala»).

## 3. Regional planstrategi – «Utviklingsplan for Vestland»

Plan- og bygningslova slår fast at regional plan skal leggjast til grunn for kommunal planlegging og verksemrd. Regionale mål finst både i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 og i andre regionale planar. Sjå oversikt over desse i [planstrategidokumentet for Bjørnafjorden kommune s. 7](#).

[Utviklingsplanen for Vestland](#) har fire hovudmålformuleringar – som er knytt til FN-mål:

1. Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg – berekraftsmål 8, 9 og 12
2. Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling – berekraftsmål 13, 14 og 15
3. Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland – berekraftsmål 11
4. Like mogelegeheter til å delta i verdiskaping – berekraftsmål 4 og 10

Strandsoneforvaltninga skal bidra til ei berekraftig utvikling i tråd med FN sine berekraftsmål, til at det blir tatt særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i strandsona, og til å unngå unødvendig bygging langs sjøen (jf. plan- og bygningsloven (tbl.) § 1-8). Samtidig blir det understreka at «strandsonen gir grunnlag for næring og bosetting langs kysten, og god arealplanlegging kan gi grunnlag for økt verdiskapning og flere lønnsomme arbeidsplasser. Kommunene må balansere disse interessene i planleggingen.»

Jordvern (= vern av areal med dyrka og dyrkbar mark, og av jordsmonnet som substans) er ein grunnleggande føresetnad for berekraftig utvikling og norsk samfunns- og matsikkerheit. [Den oppdaterte nasjonale jordvernstrategien i Prop. 200 S \(2020-2021\)](#) er den nasjonale førингa for dette.




## C. KOR MANGE OG KVEN ER BJØRNAFJORDINGANE FRAMOVER?

Vi har bestilt ein [analyse av demografi, bustad- og næringsattraktivitet og scenario for befolkningsutvikling frå Telemarksforskning](#) – inkl. krinsnivå. Scenarioa er oppdaterte etter utviklinga i 2020. Statistisk sentralbyrå (SSB) sine tal for nasjonal utvikling ligg til grunn, og vi nyttar hovudalternativet med middels nasjonal vekst. Innvandring og fødselsoverskot er dei to faktorane som gir nasjonal vekst. Begge har gått nedover frå 2015, men auka litt igjen i 2021 (til 0,62 %).

Fødselsoverskot og nettotilflytting gir vekst lokalt. Bjørnafjorden har høg fruktbarheit kombinert med låg dødelegheit, og dermed fødselsoverskot. Det ligg til grunn for scenarioa at dette held fram.


Kommunen sin attraktivitet verkar inn på inn- og utflytting, og høg nettoinnflytting er den faktoren som har påverka folketalsutviklinga i Bjørnafjorden mest. Telemarksforskning har laga fire scenario for utvikling av folketalet framover, alt etter kor høg attraktivitet Bjørnafjorden har i framtida. Dei fire scenarioa seier noko om «mulighetsrommet» for lokal befolkningsvekst. Dei grå prikkane i figuren t.h. er gjennomsnittsverdiar for andre stader i landet i perioden 2010-2019. «Best case» med både høg bustad- og næringsattraktivitet ligg oppe t.h. Nannestad er den grå prikken øvst oppe på høgre side i figuren. Dei har ein bustadattraktivitet på 1,37 % og 2,35 % næringsattraktivitet.


- Scenario høg attraktivitet for Bjørnafjorden: Vi lukkast med å skapa høg og positiv attraktivitet både for busetjing og næringsliv (grøn prikk) – 0,31 % bustadattraktivitet og 0,80 % næringsattraktivitet.
- Scenario låg attraktivitet: Låg attraktivitet for både bustad og næring (raud prikk) – minus 0,19 % bustadattraktivitet og minus 0,76 % næringsattraktivitet.
- Scenario for nøytral attraktivitet: Akkurat middels (= nullpunktet). Det gir ein vekst i tråd med forventa ut frå dei strukturelle vilkåra som er lagt inn i scenarioet (blå prikk).
- Scenario for historisk Bjørnafjorden-attraktivitet: Attraktiviteten blir den same i framtida som gjennomsnittet for dei ti siste åra (oransje prikk). Dvs. at Bjørnafjorden framleis har skyhøg bustadattraktivitet (0,49) % og låg næringsattraktivitet (0,25 %).



Tre strukturelle drivkrefter påverkar nettoflyttinga til ein kommune: Nettoinnvandring til Noreg, kommunen sin sentralitet og arbeidsplassveksten i nabokommunar. Det Bjørnafjorden sjølv kan påverka, er vekst i arbeidsplassar i eigen kommune og bustadattraktiviteten. Telemarksforskning sin tommelfingerregel for folkevekst knytt til nye arbeidsplassar er 0,8 personar i pluss pr. arbeidsplass, men litt mindre for utpendlarkommunar. Bjørnafjorden har 46 % utpendling.

Status for utviklinga i 2020 og 2021 er at Bjørnafjorden hadde ein negativ bustadattraktivitet, men ein positiv næringsattraktivitet og høg arbeidsplassvekst i det offentlege. Folketalsutviklinga i 2021 har vore som





Det knyter seg spenning til kva E39-tunnelen mellom Bjørnafjorden og Bergen, som opna hausten 2022, kan få å seia for utviklinga i kommunen vår. Telemarksforskning understrekar at det aukar sentraliteten vår endå meir, knyter oss endå tettare til Bergen og gjer oss meir avhengige av kva som skjer der m.o.t. folkeauke, bustad- og næringsutvikling.

## MÅL FOR FOLKETALSUTVIKLING

Målet vårt for folketalsutviklinga i planperioden er ein gjennomsnittleg årleg vekst på 3 %.

scenarioet med nøytral attraktivitet (grå strek i figuren t.v. på førra side). I sum er forventningane til framtidig vekst uendra i 2021-scenarioa (teikna med sterkt farge i figuren t.v. på denne sida) i høve til scenarioa frå 2020.

### Telemarksforskning sine fire scenario pluss SSB sitt:

Med **låg attraktivitet** stoggar veksten opp: 25.549 i 2035 og 25.402 i 2040.

Med **nøytral** (= normal) **attraktivitet** når vi 26.733 i 2035 og 27.093 i 2040.

Med **høg attraktivitet** når vi 28.423 i 2035 og 29.579 i 2040. Det er om lag som **SSB** sitt scenario (lyslilla linje).

Dersom den **historisk høge attraktiviteten** frå dei siste ti åra held fram, når vi 29.942 i 2035 og 31.839 i 2040.


Folketalsveksten i det området som no er Bjørnafjorden kommune, har vore høg på 2000-talet. Fram til 2018 var auken på over 1 % kvart år, med den absolute toppen på 2,98 % (683 personar) i 2015. Gjennomsnittleg årleg folkevekst siste tiårs-perioden har vore på 1,71 %. Dei siste åra har veksten vore slik 2018: 0,70 %, 2019: 0,99 %, 2020: 0,57 % og 2021: 0,65 %.

## ALDER OG KJØNN

«Alderspyramiden form vil i stor grad bestemme hva fødselsbalansen blir.

Bjørnafjorden har i utgangspunktet en lav andel eldre, sammenliknet med landet. Det er lav andel innbyggere mellom 20 og 30 år, men en høy andel barn.

I 2040 vil befolkningspyramiden for Bjørnafjorden være ganske lik landets.»




Figur 4.2.6 Antall innbyggere på ulike alderstrinn for kvinner og menn i valgt alternativ og år. Skyggen viser hvordan fordelingen på landsbasis er.

Figur 4.2.6 Antall innbyggere på ulike alderstrinn for kvinner og menn i valgt alternativ og år. Skyggen viser hvordan fordelingen på landsbasis er.

## PROGNOSAR FOR BARNETAL 0-15 ÅR

«Antall barn fra 0-15 år vil synke de neste årene. Med **høy** attraktivitet vil antall barn i skolealder vokse etter noen år. Med **lav** attraktivitet vil barnetallet synke i hele perioden fram til 2040»

Fra 5364 (2021) til min. 4334/maks 5944 (2040)



## PROGNOSAR FOR 20-66 ÅR - ARBEIDSSTOKKEN

«Det blir vekst i antall innbyggere i aldersgruppen 20-66 år, der vi finner arbeidsstyrken. Hvor stor denne veksten vil bli avhenger av hvor høy attraktivitet en lykkes med å skape i kommunen. Med lav attraktivitet blir det svært liten vekst.»


Fra 14.587 (2021) til min. 13.971 / maks 18.294 i 2040

### FORSØRGARBYRDE

= personar 20-66 år pr. pers. over 66 år

**Blir tyngre fram til 2040:**


Fra 4,9 i 2010 via 3,6 i 2020 til mellom 2,2 og 2,7 i 2040



## PROGNOSAR FOR 67-105 ÅR

«Det blir helt sikkert en sterk vekst i antall personer over 66 år. Her avviker ikke de ulike scenariene særlig mye, fordi utviklingen ikke blir påvirket særlig mye av flytting.»

Fra 3818 (2021) til min. 6019 / maks 6384 i 2040



## KVA AREAL HAR VI?

	Areal	Fersk-vatn	Kyst-line	Skog
Bjørna-fjorden	519 km <sup>2</sup>	30 km <sup>2</sup>	355 km	318 km <sup>2</sup>
Vest: Os-sida	140 km <sup>2</sup>	6 km <sup>2</sup>	218 km	
Aust: Fusa-sida	379 km <sup>2</sup>	24 km <sup>2</sup>	137 km	

### INNBYGGARAR:

$\frac{3}{4}$  i tettbygde strok (vel 19.000),  $\frac{1}{4}$  i spreiddbygde strok (ca. 6000)  
 85 % på Os-sida, 15 % på Fusa-sida – samla 52 innb./km<sup>2</sup>



**BJØRNNA  
FJØRDEN** |  KOMMUNE

Bjørnafjorden kommune har eit areal på 519 km<sup>2</sup>, 318 km<sup>2</sup> av dette er skog, 31 km<sup>2</sup> ferskvatn, og vi har ei kystline på 355 km. Med dagens kommunikasjonar er reisetid med bil og ferje mellom kommunesenteret Osøyo og den staden som ligg lengst vekke – Austefjord lengst sør i

kommunen – ca. 1t. 45 min. Mellom kommunesenteret og kommunedelsenteret Eikelandsosen er det 46 min. når du tar ferja – 1 time dersom du kører via Samnanger. Ved årsskiftet 2021/22 var vi 25.213 innbyggjarar.

## SATSINGSOMRÅDE



- A. Framtidsretta transport og infrastruktur
- B. Folk og fellesskap i berekraftige tettstadar og lokalsamfunn
- C. Framtidsretta Bjørnafjorden kommune
- D. Samarbeid for å nå måla

## A. FRAMTIDSRETTA TRANSPORT OG INFRASTRUKTUR

### Framtidsbilete: SLIK ØNSKJER VI Å HA DET I 2035

Bjørnafjorden kommune er knytt saman gjennom gode, saumlause, brukarvenlege og grøne transportløysingar for alle. Det er enkelt og trygt å gå, sykla, reisa kollektivt og køyra utsleppsfritt. Stabile og gode digitale løysingar og møtepunkt bidrar til å redusera transportbehov og avstandsulemper.

Uttfordningsbilete: KPSt. 2020-24/s. 20-21



#### MÅL – Bjørnafjorden kommune skal

1. ha god samanheng i internkommunikasjonen i kommunen med korresponderande, saumlause og berekraftige løysingar (FN 9.1)
2. arbeida for eit godt og fleksibelt transporttilbod på land og sjø, og prøva ut nye former for berekraftige transportløysingar og billettløysingar til overkommelege prisar (FN 11.2)
3. ta særleg omsyn til sårbarer grupper og deira behov for trygge og lett tilgjengelege transportløysingar (FN 11.2)
4. vera ein trafikksikker kommune (FN 11.2+3.6)
5. gjera det lettare å koma seg fram for mjuke trafikantar (FN 9.1)
6. jobba for likeverdig transporttilbod med godt utbygde kollektivaksar mellom kommunenesenteret og ferjekaiane våre, mellom Osøyro og Bergen, mellom Osøyro og Eikelandsosen, og ut til krinsar og bygder både på Os-sida og Fusa-sida (FN 9.1)
7. stimulera til, og leggja til rette for, lågutsleppskøyretøy der innbyggjarane er avhengige av bil for å koma seg fram
8. ha stabile og gode digitale løysingar og møtepunkt, som kan bidra til å redusera transportbehov og avstandsulemper

#### STRATEGIAR – Slik gjer vi det

- MÅL 1-3 a)** Vi følgjer utviklinga innan grøn mobilitet og infrastruktur og held oss oppdaterte på framtidsløysingar innan kombinert mobilitet.
- b)** Vi arbeider for felles bussone (ei takstsone) i heile kommunen, pendlarparkering, godt og rimeleg/gratis ferjetilbod, smarte transportløysingar og deleordningar som t.d. «Hent meg»-ordningar.
- c)** Vi arbeider for hyppige daglege avgangar med «Trivselsferja» Venjaneset-Hatvik og fleire avgangar i helgane.
- d)** Vi legg til rette for pendlarparkering både på Venjaneset og Hatvik og er pådrivar for skyssløysingar til/frå ferja.


- e)** Vi er pådrivar for «ringbuss» Hatvik–Osøyro–Flåten senter–Tøsdalskiftet–Os vgs.–Osøyro–Hatvik.
- f)** Vi arbeider for «Hent meg»-ordningar for transport frå krinsane/bygdene inn mot sentrum og kollektivknutepunkt.
- g)** Vi sørger for tilrettelagde transporttenester til/frå dagsenter og knytt til bustader for menneske med nedsett funksjonsevne, og hente-/bringeordningar for barn, unge, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne til aktivitetar og nødvendige ærend.
- MÅL 4-5** Vi er pådrivar for trygge vegar og prioritærer trafikksikring, ved å ha ein oppdatert trafikksikringsplan og gjennomføra tiltaka i planen.
- MÅL 6 a)** Vi arbeider for å oppretthalda kollektivaksen austover til Hatvik/Venjaneset og vidare til Eikelandsosen (fv 552), med gode samband Osøyro-Hatvik-Venjaneset-Eikelandsosen.
- b)** Vi arbeider for utbetring av fv 552 mellom Osøyro og Eikelandsosen.
- c)** Vi brukar midlar frå Miljøloftet til utbetringa av Hatvikvegen/fv 552 mellom Osøyro og Hatvik.
- d)** Vi brukar samhandlingsplattforma til Miljøloftet aktivt, og nytta midlar derifrå til prioriterte prosjekt som gang- og sykkelvegar på strategisk viktige strekningar og Osøyro som regional kollektivterminal/-hub.
- e)** Vi arbeider aktivt både politisk og administrativt for å få inn tiltak i regionalt planverk.
- MÅL 7** Vi lagar strategiar for auka satsing på elektrifisering, ladeinfrastruktur og nettkapasitet.
- MÅL 8 a)** Vi er pådrivar for godt utbygd digital infrastruktur i heile kommunen (breiband, data- og mobilnett).
- b)** Vi har lett tilgjengelege og universelt utforma digitale løysingar på heimesida til kommunen, for å leggja til rette for sjølvhjelpe innbyggjarar som er mindre avhengige av opningstider og personleg oppmøte.
- c)** Vi legg til rette for digitale møte, både for innbyggjarar og kommunalt tilsette.

## KVA RÅD GIR DEI UNGE?

6. Korleis kan kommunen bidra til å gjera det lettare for alle innbyggjarar å delta på fritidsaktivitetar?
- (Du kan velja fleire svar og legga til ditt eige)

[Flere detaljer](#)

BUA-ordning der du kan låna ...	71
Aktiviteteskort	46
Gratis utlån av lokale	91
Tilbod om støttekontakt	26
Universell utforming/tilgang	11
Støtte til lag og organisasjonar	71
Gratisarrangement	102
Jobba for inkludering uavhengig	75
Annet	24



### ANNA/EIGNE TIPS:


1. Bedre transportmuligheter

9. Begrensar avstand og busstilbod kva du kan vera med på på fritida? Set kryss!

Du kan skriva ditt eige transportønske i den nederste ruta!

[Flere detaljer](#)

Nei	65
Av og til	91
Ofte	33
I stor grad	38
Annet	17



### EIGE TRANSPORTØNSKE/ANNA:

1. Kvar einaste dag. Eg kan ikkje vere igjen etter skolen fordi det går aldri busser hjem seinare på dagen.
2. Nokon form for ekstra skyss muligheter.
3. Meir busser eigentleg rundt i heile kommunen, spesielt Fusa siden.



C. MILJØET

D. TILBOD 3,7

(f.eks. kantine, sosiale aktivitetar, helsejukeplein)

BEST:

- gode lærarar
- kartina
- helsejukeplein
- skuleball

SAKN

- for liten -fl
- større kantinel
- litt meir yngre
- meir praktisk
- stabilitet. Hent b
- meir variert mat
- Meir plass på l

KORLEIS K  
DU DEG TIL  
SKULEN?

Skulebuss HT  
Blir køyrd II  
Går I

**BJØRN  
FJØRDEN**



KOMMUNE

**Framtidsbilete: SLIK ØNSKJER VI Å HA DET I 2035**

Bjørnafjordingane lever gode liv i berekraftige tettstadar og lokalsamfunn i alle delar av kommunen, som er knytt saman med gode samferdsleårer både på land og sjø. Innbyggjarane opplever at Bjørnafjorden er blitt **vår** kommune. Mangfaldet blomstrar i rause og inkluderande, levande og attraktive tettstadar og bygder, der det er lagt til rette for sosiale møteplassar, grøntområde, kultur og trivsel. Vi har gode levekår, god folkehelse og trygge og differensierte bumiljø. Det er rikeleg rom for naturopplevingar, både i skog og fjell, ved elvar og vatn. Ved fjorden kan innbyggjarane dyrka både badeliv og utsleppsfritt båtliv, fiska, vandra på tilrettelagde kyststiar og nyta både flora, fauna og utsikt. Lokalsamfunna våre er rusta for framtida og dei utfordringane som måtte koma.

**MÅL – Bjørnafjorden kommune skal**

1. byggja felles kulturell identitet i Bjørnafjorden
2. vera ein god tilretteleggar for frivilligheit
3. vera inkluderande og sikra alle innbyggjarar likeverdige moglegheiter til eit godt liv
4. ha velferds- og fritidstilbod som reduserer forskjellar og stimulerer til aktivitet og mangfald
5. styrka innsatsen for å ta vare på kultur- og naturarven i kommunen vår (FN 11.4)
6. leggja til rette for differensierte bumiljø med ulike typar bustader, i samsvar med endringar i demografi og behov gjennom livsløpet og bustadsosiale behov (FN 11.1)
7. utvikla Os og Eikelandsosen som framtdsretta og berekraftige region-/kommunesenter og kommunedelsenter med gode og allsidige offentlege og private tenester
8. utvikla tettstadane og lokalsamfunna våre på ein inkluderande og berekraftig måte, som både tar omsyn til natur, miljø og klima, sosiale forhold og økonomisk tryggheit (FN 11)
9. samarbeida med andre samfunnsaktørar (næringsliv, utbyggjarar, frivillig sektor) for å sikra gode og levande lokalsamfunn (FN 11.3)
10. leggja til rette for innbyggarmedverknad og skapa engasjement for utvikling av Bjørnafjorden (FN 11.3)
11. vera ein trygg og robust kommune å bu, arbeida og opphalda seg i (FN 11.5)
12. sikra berekraftig vassforvaltning og avløpssystem, og allmenn og likeverdig tilgang til trygt og nok drikkevatn og gode sanitærforhold (FN 6)

**STRATEGIAR – Slik gjer vi det**

- MÅL 1 a)** Vi brukar kulturarv, historie, kunst og kultur til å byggja fellesskap og kulturell identitet.
- b)** Vi legg til rette for felles opplevingar gjennom fellesarrangement.
- c)** Vi nyttar potensialet i idretten som samlande faktor og identitetsbyggjar.
- d)** Vi styrker og utviklar biblioteket som møteplass for alle og samtale-, debatt- og kulturarena.
- e)** Vi satsar aktivt på informasjon om, og formidling av, kommunen sine verdiar, visjon og samfunnsmål.
- MÅL 2 a)** Vi har treffsikre kommunale tilskotsordningar som støttar opp om frivillig arbeid.
- b)** Vi satsar på frivilligsentralane.
- c)** Vi tar vare på eldsjelene.
- d)** Vi satsar på koordinatorar/koordinatorfunksjonar for å støtta opp om frivilligheita.
- e)** Vi utnyttar potensialet som ligg i å søkja om eksterne midlar.
- f)** Vi tilbyr rettleiing til frivillige lag og organisasjonar.
- MÅL 3-4 a)** Vi sikrar lett tilgjengelege møteplassar.
- b)** Vi legg til rette for fellesskap og arbeider for å hindra sosial utanforskap.
- c)** Vi legg til rette for delingskultur: å dela utstyr og anlegg, opplevingar, kunnskap og kompetanse.
- d)** Vi samarbeider med frivillige lag og organisasjonar for å utvikla gode, varierte og trygge kultur-, idretts- og fritidstilbod for alle.
- e)** Vi byggjer oss saman som *ein* kommune.

- MÅL 5 a)** Vi legg til rette for vern av kulturarven og eit mangfald av kulturmiljø gjennom bruk og formidling.
- b)** Vi jobbar for å realisera eit nasjonalt oselvarsenter på Osøyro, som ei vidare utvikling av oselvarverkstaden, med aktiv formidling og vidareføring av handverkstradisjonane knytt til verdsarven vår oselvaren og små klinkbygde båtar.
- c)** Vi brukar lokale kulturminne, kulturmiljø, kulturarv og historie som ressurs for ei berekraftig samfunnsutvikling – i samarbeid med eigarar, næringsliv og frivillige aktørar.
- d)** Vi set av omsynssoner rundt kulturmiljø som er prioriterte i kulturplanen for Bjørnafjorden og rundt naturvernområda våre.
- e)** Vi sikrar areal til friluftsformål/naturformål.
- f)** Vi sikrar trygg tilgang til varierte rekreasjonsareal – tilkomst, parkering og tilrettelegging.
- g)** Vi sikrar gode forhold for uteaktivitet, leik og friluftsliv i nærmiljøa rundt om i kommunen.
- MÅL 6 a)** Vi har ein framtidsretta, aktiv og heilsakpleg bustadpolitikk, med strategisk eigedomsutvikling der kommunen stiller klare krav til utbyggjarar om differensierte butilbod/bumiljø.
- b)** Kommunen er ein aktiv bustadsosial aktør, som set klare bustadpolitiske mål og nyttar effektive bustadsosiale verkemiddel (som t.d. hjelp til å koma inn på bustadmarknaden, «Bustad for velferd», «Leige til eige», startlån og andre ordningar).
- c)** Vi legg til rette for generasjonsbustader.
- MÅL 7-10 a)** Vi samarbeider aktivt med stat, fylke, lokalt næringsliv og frivillig sektor for å utvikla tilbod som gjer Osøyro og Eikelandsosen attraktive både for fastbuande og besökande.
- b)** Gjennom innovative partnerskap.
- c)** Vi legg til rette for fortetting med kvalitet, og både utsikt og allmenn tilgang til sjøen i sentrumsområda.
- d)** Vi legg til rette for at det er lett å bevega seg trygt rundt i sentrum på Os og i Eikelandsosen for mjuke trafikantar, og råd å reisa kollektivt til og frå.
- e)** Vi sikrar tilgang til grøntområde og offentlege rom i tettstadane og bygdene våre som er trygge, inkluderande og lett tilgjengelege og fremjar aktivitet (FN 11.7).
- f)** Vi gjer det enkelt å medverka både i areal- og samfunnsplanlegging – digitalt og fysisk, gjennom innbyggardialog og samskaping.
- MÅL 11 a)** Vi har ein oppdatert overordna kommuneROS, eit oppdatert beredskapsplanverk og førebyggjer at uønskte hendingar skjer.
- b)** Vi har ein beredskap som er i stand til å handtera uønskte hendingar som oppstår, frå klima-/naturskadeberedskap, infrastruktur- og databeredskap, via storulukkeberedskap til helse-/pandemiberedskap.
- c)** Vi sørger for at innbyggjarane har tilgang til god informasjon om farar som truar og om kva tiltak kvar og ein kan gjera som eigenberedskap.
- d)** Vi har gode varslingssystem og varslingsrutinar.
- e)** Vi sikrar tilgang til sløkkevatn for brann/redning og tilstrekkeleg beredskapsvatn i heile kommunen.
- f)** Vi tar vare på eksisterande flaumvegar og opnar opp att bekkar som flaumvern.
- g)** Vi brukar naturen aktivt i samfunnssikkerheitstiltak, t.d. vernskog – for å sikra busetnad og infrastruktur mot naturskadar som ras og flaum, eller verna dyrka mark eller annan skog mot vêrutsett klima.
- MÅL 12 a)** Vi har ein oppdatert VA-rammeplan og følgjer prioriteringane der for kontinuerleg vedlikehald, oppgradering og utbygging av teknisk infrastruktur.
- b)** Vi arbeider for å redusera lekkasjar på kommunalt nett, og auka andel påkoblingar.
- c)** Vi har god oversikt over private anlegg og inviterer til samhandling om trygt drikkevatn.
- d)** Vi hindrar miljøulemper og brot på naturtølegrenser ved å sørja for at alle innbyggjarar blir tilknytt berekraftige avløpssystem.

## INNBYGGARINNSPEL

Fjorden er  
viktig for  
livskvaliteten

Sosiale  
møteplassar

Tilknyting –  
tilhøyrigheit

Vennar  
og  
familie

«Ikke strebe  
etter å bli by  
men hugse kva  
som gjer oss  
attraktive; luft,  
fjell og fjord,  
beliggenhet»

Gode  
kommunika-  
sjonar

«Eg må sjå  
Bjørnafjorden»

Aktivitet og  
fellesskap

Gode  
naboar

«Folke-  
helse for  
ALLE!»

Trygge og  
gode  
bumiljø

«Nært  
det eg  
treng»

«Unngå meir  
utbygging av  
bustader i  
sentrum. Heller  
tilrettelege for  
sosialisering»

Mangfold og  
generasjons-  
blanding

Tett på  
naturen

**C.1 Natur-, klima- og miljøvenlege lokalsamfunn****Framtidsbilete: SLIK ØNSKJER VI Å HA DET I 2035**

Vi har engasjerte og kunnskapsrike innbyggjarar og næringsaktørar som utfordrar oss til å leva opp til målet om å vera ein natur-, klima- og miljøvenleg kommune. Vi har lært at berekraft er eit konkurransefortrinn, og natur-, klima- og miljøomsyn er førande for samfunnsutviklinga i Bjørnfjorden. Nye klima- og miljøvenlege selskap har etablert seg i kommunen. Vi er pådrivar for klimaomstilling og jobbar kontinuerleg med å bekjempe klimaendringane og konsekvensane av dei, og stogga tap av naturmangfald og forureining av grunn- og vassressursar. Vi prioriterer lågt klimagassfotavtrykk ved innkjøp, tenestereiser og i utbyggingsprosjekt i kommunen. Innbyggjarar og næringsliv har tilgang til påliteleg, berekraftig og moderne energi til overkommeleg pris. Vi har nådd målet om å vera fossilfrie og er på god veg til å bli eit lågutsleppssamfunn.

**MÅL – Bjørnfjorden kommune skal**

1. gjera det enkelt for innbyggjarane å leva miljøvenleg (KLEM S5, FN 13.3)
2. redusera klimagassutslepp, energi- og ressursbruk
3. la natur-, klima- og miljøomsyn vera førande for samfunnsutviklinga
4. handla umiddelbart for å bekjempe klimaendringane og konsekvensane av dei, og styrkja evna til å stå imot og tilpassa oss klimarelaterte farar og naturkatastrofar (FN 13.1)
5. vera pådrivar for at alle har tilgang til påliteleg, berekraftig og moderne energi til overkommeleg pris (FN 7)
6. ta vare på og brukha hav og marine ressursar på ein måte som fremmar berekraftig utvikling (FN 14)
7. stansa tap av naturmangfald og forureining av grunn- og vassressursar (FN 15, KLEM-visjonen)

**STRATEGIAR – Slik gjer vi det**

**MÅL 1 a)** Kommunen legg til rette for auka kunnskap og samarbeid om klima- og miljøtiltak og klimatilpassing både internt i organisasjonen og blant innbyggjarane (KLEM S5, FN 13.3).

**b)** Vi arbeider for å skapa entusiasme og er pådrivar for klima- og miljøvenlege vanar.

**c)** Vi støttar opp om lokal matproduksjon.

**d)** Vi legg aktivt til rette for gjenbruks- og deleordningar (t.d. BUA, bruktbutikkar, utvida tilbod på gjenbruksstasjonar osv.).

**e)** Vi legg til rette for å redusera avfallsmengda både frå privathushald, næringsliv og kommunal verksemd, og for meir kjeldesortering og gjenvinning både i privathushald og på offentlege stadar.

**f)** Vi legg til rette for fleire gang- og sykkelvegar, og er pådrivar for betre og billegare kollektivtilbod.

[Utfordringsbilete: KPSt. 2020-24/s. 15-16](#)



**g)** Vi formidlar dei positive tiltaka som blir gjennomført i kommunen, ut til innbyggjarane.

**MÅL 2 a)** Bjørnfjorden kommune er pådrivar for klimaomstilling, og arbeider for å vera fossilfri innan 2030 og eit lågutsleppssamfunn innan 2050 (KLEM-visjonen).

**b)** Kommunen prioritærer lågt klimagass-fotavtrykk ved innkjøp, tenestereiser og i eigne utbyggingsprosjekt (KLEM S2)

**c)** Vi har klimabudsjett og fører klimarekneskap for å nå måla våre.

**d)** Vi stimulerer til auka karbonbinding i jord- og skogbruk.

**e)** Vi følgjer oppdaterte mål, strategiar og tiltak i kommunedelplan for klima, energi og miljø (KLEM-planen).

**MÅL 3 a)** Kommunen skal gjera seg attraktiv for etablering av klima- og miljøvenlege selskap som utviklar og nyttar framtidig teknologi (KLEM S4)

**b)** Vi søker om eksterne midlar til klima- og miljøtiltak.

**c)** Vi nyttar arealplanlegginga som verktøy.

**d)** Vi tar vare på verneområda i kommunen.

**e)** Vi sikrar offentlege friluftsområde ved sjø og vassdrag.

**MÅL 4 a)** Vi kartlegg område og bygg som er utsette for klimarisiko og vurderer sikringstiltak, med særleg vekt på naturbaserte løysingar.

**b)** Vi tilpassar oss både fysisk risiko, ansvarsrisiko og overgangsrisiko.

**c)** Vi minimerer overgangsrisikoen ved å investera for framtida og lågutsleppssamfunnet.

**d)** Vi prioritærer midlar til å førebyggja uønskte hendingar.

**MÅL 5 a)** Vi er pådrivar for auka nettkapasitet.

**b)** Vi legg til rette for/støttar opp om ny lokal fornybar energiproduksjon.

**c)** Vi satsar på energieffektivisering i kommunale bygg.


**MÅL 6-7 a)** Vi kartlegg og tar vare på naturmangfaldet i kommunen, både på land, i sjø og i vassdrag, inkludert kantvegetasjon.

**b)** Vi utviklar strategiar i det kommunale planverket mot forureining av vass- og grunnressursar.

13. Korleis kan kommunen leggja til rette for at det blir enklare for deg og familien din å leva miljøvenleg?  
(Du kan velja fleire svar og leggja til ditt eige)

[Flere detaljer](#)

- Innføra henting av bioavfall/m... 98
- Aktiv tilrettelegging for gjenbr... 103
- BUA 48
- Fleire bosplass i det "offentle... 84
- Kurs i kompostering 26
- Billegare kollektivtransport 64
- Gang- og sykkelvegar 85
- Leggia til rette for kjeldesorter... 81
- Betre kollektivtilbod 71
- Tilskotsordningar til miljøvenl... 75
- Støtt lokal matproduksjon 106
- Kursing i miljøtiltak 33
- Haldningsskapande arbeid 78
- Annet 9



15. På ein skala frå 1 til 5, kor viktig er følgjande punkt for deg? (5 er viktigast)

[Flere detaljer](#)

■ 1 - ikkje viktig ■ 2 ■ 3 ■ 4 ■ 5 - svært viktig

At vi kartlegg og tar vare på naturmangfoldet i kommunen



At vi sikrar offentlege friluftsområde ved sjø



At vi resirkulerer bosset vårt og komposterer matavfallet



At vi tar vare på verneområda i kommunen



At bustader, arbeidsplassar og handel ligg nær kvarandre



# INNBYGGARINNSPEL



BJORNA  
FJORDEN



KOMMUNE

## C.2 Treffsikre tenester

### Framtidsbilete: SLIK ØNSKJER VI Å HA DET I 2035

Utfordringsbilete: KPSt. 2020-24/s. 14+22

Bjørnafjorden kommune er ein attraktiv kommune å jobba i. Vi er ein samskapingskommune og leverer treffsikre tenester som er tilpassa innbyggjarane sine behov, ei berekraftig utvikling og økonomiske rammer. Vi har gode innkjøpsstrategiar som dekkar behovet for varer og tenester på ein berekraftig, formålstenleg og kostnadseffektiv måte.

#### MÅL – I Bjørnafjorden kommune skal

1. vi jobba tverrfagleg, levera heilskaplege tenester og tenkja folkehelse, førebygging og berekraft
2. vi finna smarte løysingar saman
3. alle tenesteområda medverka til at vi innfriar berekraftsmål 13, 11 og 9 – om å stogga klimaendringane, skapa berekraftige lokalsamfunn og ein nyskapande og framtidretta kommune
4. tenestene vera målretta
5. vi jobba kunnskaps- og forskingsbasert
6. vi etterleva FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)
7. vi arbeida systematisk for klima-, miljø- og samfunnsansvar i kommunen sine offentlege anskaffingar
8. vi legga til rette for at innbyggjarane er myndiggjorte og kan vera sjølvhjelpe
9. vi satsa på kommunikasjon, informasjon og klarspråk, og vera ein nynorskommune
10. vi jobba aktivt, målretta og innovativt med å sikra rekruttering av personell til tenesteområda våre

#### STRATEGIAR – Slik gjer vi det

**MÅL 1 a)** Vi vurderer til ei kvar tid om vi løyser oppgåvene våre på ein måte som både tar omsyn til natur, miljø og klima, gjer at ingen fell utanfor samfunnet sosialt, og er økonomisk fornuftig.

**b)** Vi har eit driftsnivå på tenestetilbodet som er tilpassa framtidig befolkningsutvikling og demografi, skiftande økonomiske rammevilkår og kommunen sine inntekter.

**c)** Vi har ein berekraftig kommuneøkonomi.

**MÅL 2-3 a)** Vi er løysingsorienterte, serviceinnstilte og samarbeidsvillige.

**b)** Vi nyttar samskapning som arbeidsmåte.

**c)** Bjørnafjorden kommune arbeider for å redusera dei direkte klimagassutsleppa frå eiga verksemد med 90 % innan 2030, sett i høve til 2009 (KLEM O2).

**MÅL 4 a)** Vi har gode og tydelege planar med klare mål for dei ulike tenesteområda.

**b)** Vi har god samanheng mellom planmål, økonomiplan og årsbudsjett.

**MÅL 5 a)** Vi er proaktive og tar initiativ til samarbeid med forskingsmiljø for å utvikla tenestene våre.

**MÅL 6** Vi tar i vare innbyggjarar med nedsett funksjonsevne sine behov gjennom livsløpet ved hjelp av god samhandling og samskapning med brukarar, pårørande og andre aktørar.

**MÅL 7 a)** Vi stiller klima- og miljøkrav til leverandørar.

**b)** Vi set krav til leverandørane om at dei er lærerebedrifter.

**MÅL 8 a)** Vi legg til rette for «innbyggartorg» eller liknande møteplassar mellom kommunen og innbyggjarane rundt om i kommunen – for kulturelle opplevelingar, kommunikasjon og samarbeid mellom innbyggjarar, lag og foreiningar og kommunen.

**b)** Vi har gode og brukarvenlege digitale løysingar.

**c)** Vi legg til rette for medverknad, deltaking og samskapning.

**d)** Vi legg til rette for universell utforming.

**e)** Vi legg til rette for sambruk av kommunale bygg/lokale etter arbeidstid/skuletid og meirope bibliotek.

**MÅL 9** Vi kommuniserer på klarspråk, og på ulike språk ved behov, og nyttar visuell kommunikasjon og ulike kommunikasjonskanalar for å nå fram til flest mogleg.

**MÅL 10 a)** Vi har ein rekrutteringsstrategi med treffsikre tiltak.

**b)** Bjørnafjorden kommune er ei aktiv lærerebedrift og tilbyr lærlingeplassar og trainee-stillingar innanfor eit variert spekter av fag.

## C.2.1 Treffsikre og framtidsretta tenester til barn, unge og familiar

### Framtidsbilete: SLIK ØNSKJER VI Å HA DET I 2035

Barn, unge og familiar lever gode liv i Bjørnafjorden kommune. Det er trygt og godt å veksa opp her, og dei som treng tilrettelegging, får det. Vi gir barn og unge ein god start i livet, og dei opplever å høyra til, vera del av ein fellesskap og vera VERD-SETT. Barnehagar og skular har høg trivsel og høg fagleg kvalitet. Vi legg til rette for livslang læring og livskvalitet for alle innbyggjarane våre.

#### MÅL – I Bjørnafjorden kommune skal

1. barn og unge oppleva å høyra til, vera del av ein fellesskap og bli verdsett
2. det vera trygt og godt å veksa opp, og dei som treng tilrettelegging, skal få det.

#### Bjørnafjorden kommune skal:

3. ha inkluderande, gode og trygge barnehage- og skolemiljø som fremjar læring og meistring (FN 4.1+4.a)
4. sikra at alle barn, ungdommar og vaksne lærer å lesa, skriva og rekna, og sikra at framandspråklege elevar får god norskopplæring, som er tilpassa den enkelte sitt behov (FN 4.6)
5. ha full barnehagedekning (FN 4.2)
6. ha gode barnehage- og skulebygg, uteområde og nærmiljø- og idrettsanlegg, og prioritera nødvendig areal og ressursar til rett tid
7. sikra at alle barn og unge fullfører grunnskule og vidaregåande opplæring – med relevant og reelt læringsutbytte
8. stimulera til samfunnsengasjerte barn og unge og sikra at dei tileignar seg nødvendig kompetanse for å fremma berekraftig utvikling, fred og demokrati (FN 4.7)
9. leggja til rette for livslang læring for alle (FN 4)

#### STRATEGIAR – Slik gjer vi det

**MÅL 1-2 a)** Vi vidareutviklar møteplassen Ung Arena både i Os Aktiv/Os sentrum og i Fjorden arena/Eikelandsosen.

**b)** Vi satsar på «Familiens hus» – ei dør inn – for å gi mest mogleg treffsikre tenester til barn, unge og familiane deira.

**c)** Vi arbeider for å utjamna sosiale forskjellar og førebyggja utanforskapsdistanse.

**d)** Vi sikrar gode utdanningsløp for alle barn og unge i kommunen.

**MÅL 3 a)** Vi sikrar gode overgangar mellom barnehage og skule og god nybegynnaropplæring.

Utfordningsbilete: KPSt. 2020-24/s. 24



**b)** Vi satsar på aktiv brukarmedverknad frå barn og unge for å gi dei treffsikre tenester.

**c)** Vi har god dialog med føresette og satsar på foreldrerettleiring.

**d)** Vi jobbar for å engasjera føresette meir i oppvekstmiljøa.

**MÅL 4 a)** Vi satsar på tidleg innsats og god samanheng mellom målretta tiltak i barnehage og skule for å oppnå best moglege skuleresultat.

**b)** Vi gir flyktningar/innvandrarar utan grunnskuleopplæring god opplæring i basisfaga lesing, skriving og rekning.

**c)** Vi sikrar integrering gjennom tilbod på nærskule for flyktningar og innvandrarar.

**MÅL 5-6** Vi har god arealplanlegging og gode planverk innan oppvekst-, kultur- og idrettsfeltet som sikrar heilsakleg utvikling.

**MÅL 7 a)** Vi arbeider for å sikra lik tilgang til utdanning og yrkesfagleg opplæring på alle nivå for sårbare personar, deriblant menneske med nedsett funksjonsevne og i utsette situasjonar (FN 4.5).

**b)** Vi samarbeider med dei vidaregåande skulane i kommunen.

**c)** Vi er pådrivar for at det skal bli lettare å få læringsplass både i kommunen og i private bedrifter, og stiller som hovudregel krav til leverandørane våre om at dei er lærebedrifter.

**d)** Vi fasiliterer møteplassar mellom dei vidaregåande skulane og det lokale næringslivet med tanke på lærepllassar.

**e)** Vi er pådrivar for at dei som har starta på eit yrkesfagleg utdanningsløp, får moglegheit til å fullföra, og fangar opp ungdommar som ikkje startar på, eller fell ut av, vidaregåande utdanning (FN 4.4).

**MÅL 8 a)** Vi sørgjer for at barnehagar og skular i Bjørnafjorden kommune gir god opplæring i konsekvensar av klimaendringane og kva vi kan gjera med dei (FN 13).

**b)** Vi satsar på undervisning for berekraftig utvikling og livsstil, menneskerettar og likestilling, verdsetting av kulturelt mangfald og fremming av fred og ikkje-vald (FN 4.7).

**MÅL 9** Vi jobbar tett på tvers av tenester for å gi flyktningar ein trygg og god start i eit nytt tilvære.

## INNBYGGARINNSPEL

«De unge  
er  
fremtiden!»

«Alle barn og  
unge skal ha  
like  
muligheter.  
Tenk nytt!»

«Gi de med vitale  
jobber gode  
arbeidsbetingelser. De  
som bør være på sitt  
beste, brenner fortest ut  
i mangel på ressurser i  
skole og i helsevesenet.  
Ta vare på de, for de tar  
vare på oss og våre  
barn»

«Eg ønsker å  
kunne  
snakke norsk  
kvar dag!»

«Godt tilbud med  
tanke på  
barnehage og  
skole/fritids-  
aktiviteter til barna  
mine»

«Meir ressursar i  
skule og barnehage  
slik at vi kan gi GOD  
opplæring til ALLE,  
uansett evner, språk  
og sosial stand»

«Prioriter de  
unge både i  
skole og  
barnehage»

«Forhindra  
forurensing av  
sjø og land.  
Haldings-  
skapande  
arbeid i  
skulen»

## C.2.2 Treffsikre og framtidsretta helse- og velferdstenester

### Framtidsbilete: SLIK ØNSKJER VI Å HA DET I 2035

Vi er ein samskapingskommune med likeverdige helse- og velferdstenester i heile kommunen, eit differensiert bustadttilbod og aktive innbyggjarar som lever verdige liv, tar ansvar for eigen alderdom, og bur i eigen bustad så lenge dei kan. Vi samarbeider godt med frivillige og pårørande og har gode system og tilbod for å ivareta dei. Vi jobbar kontinuerleg med å utvikla tenestene våre i samsvar med oppdatert kunnskap og endra innbyggjarbehov, slik at dei er treffsikre, berekraftige og framtidsretta.

[Utfordringsbilete: KPSt. 2020-24/s. 22-23](#)



#### MÅL – Bjørnafjorden kommune skal

1. arbeida helsefremjande og førebyggande for å sikra god folkehelse, fremja inkludering og førebyggja sjukdom og tidleg død (FN 3.1-3.6)
2. satsa på jordmortenesta og førebyggande helsetenester (FN 3.1-3.2)
3. ha høg vaksinasjonsdekning (FN 3.1-3.3)
4. ha god smittevernberedskap (FN 3.3)
5. sikra nødvendig helsepersonell i tenestene og allmenn tilgang til helsetenester, medisinar og vaksinar av god kvalitet og til overkommeleg pris (FN 3.8)
6. leggja til rette for at innbyggjarane kan leva aktive liv og bu heime så lenge som mogleg (FN 3.4)
7. samarbeida med pårørande, frivillige, lag og organisasjonar, andrelinetenesta og næringslivet for å utvikla tenestene og møta framtidige utfordringar (FN 17)
8. planleggja og tilretteleggja for eit alders- og demensvenleg samfunn
9. sikra god samanheng i tenestene og ein god tenesteflyt

#### STRATEGIAR – Slik gjer vi det

- MÅL 1 a)** Vi dreiar ressursbruken mot tidleg innsats og førebyggande arbeid, inkludert samarbeid med lag og organisasjonar (FN 3.5).
- b)** Vi brukar samskapning som arbeidsmetode for å sikra mest mogleg treffsikre og saumlause tenester for innbyggjarane.
- c)** Vi legg til rette for opplysning og rettleiing, slik at innbyggjarane kan ta gode val for eigne liv og eiga helse.
- d)** Vi satsar på helsesjukepleiarar på skulane og gode helsetenester til alle barn og unge.
- e)** Vi legg til rette for at det blir lettare å få psykisk helsehjelp.

- f) Vi samarbeider med trus- og livssynssamfunn om å leggja til rette for at innbyggjarane får utøva trua/livssynet sitt i alle livsfasar.

- MÅL 2-5 a)** Vi har eit oppdatert smittevernplanverk.
- b)** Vi har lager av smittevernustyr, vaksineutstyr og legemidlar sentralt i kommunen og ressursar til å forvalta det.
- c)** I samband med epidemiar og pandemiar tilbyr vi både oppsøkande vaksinering for risikogrupper og massevaksinering. Vi samarbeider med apoteka, Røde kors og andre aktuelle aktørar for å halda høg vaksinasjonsdekning, og sørger for god og lett tilgjengeleg informasjon på fleire språk og i fleire formidlingskanalar.
- d)** Vi har eigarskap til drikkevassforskrifta og gjennomfører nødvendige tiltak.
- e)** Vi sikrar legedekning og legevakttenester på begge sider av fjorden.

- MÅL 6 a)** Vi har ei godt utbygd «omsorgstrapp» med eit spekter av tenester frå førebyggande lågterskeltenester til heildøgns pleie og omsorg.
- b)** Vi nyttar velferdsteknologiske løysingar som ein integrert del av tenestene våre – og vel velferdsteknologi der vi kan, helsepersonell der vi må.
- c)** Vi set inn tiltak for å motverka sosial ulikskap.
- d)** Vi samarbeider for å skapa rause lokalsamfunn, der alle er inkludert, kan oppleva meistring og at det er bruk for dei.
- MÅL 7-9 a)** Vi satsar på kultureininga og frivilligsentralane, på godt samarbeid med diakonitenesta/kyrkja, idrettsrådet, lag og organisasjonar som sanitetsforeiningane og Røde Kors.
- b)** Vi vidareutviklar det gode samarbeidet frå pandemien 2020-2022 innan Helse Bergen-området med helseføretak og nabokommunar og tar samhandlings- og arbeidsmetodar med oss inn i tenesteytinga i ein normalsituasjon.
- c)** Vi vidareutviklar tilbod innan demensomsorga.
- d)** Vi jobbar tverrfagleg og koordinert og har gode og fleksible system for samhandling.



## INNBYGGARINNSPEL

«Alle gamle skal ha det godt»

«Rehabiliterende treningsstilbud som f.eks. bassengtrening»

«Sosiale møte-plassar»

«Ønsker fokus på eldreomsorg og hvordan løse utfordringene med mangel på helsepersonell. Her må det tenkes nyt og kreativt!»

«Korleis kan unge og eldre dra nytte av kvarandre?»

«Støtte og hjelp for alle som er pårørende. Kurs, avlastning, støtte»

«Mer fokus på forebygging og helsefremmende arbeid innen helse for barn og unge. Ved å jobbe forebyggende, vil en hindre at utfordringer oppstår senere, ev. minske utfordringene»

«God tilrettelegging for mennesker med redusert arbeidsevne»

«Det er viktig å tenke på eit aldersvennleg samfunn når det gjeld planlegging/utbygging og tilrettelegging av samfunnet»

«Det er mykje helse i å vere ein del av eit kor, teatergruppe, korps, dansegruppe både for born og vaksne»

«Leva heile livet!»

«Fleire eldre-/sjukeheims-plassar. Bedre mattilbod på eldre- og sjukeheimar»

### C.3 Berekraftig og nyskapande næringsutvikling og arbeidsliv

#### Framtidsbilete: SLIK ØNSKJER VI Å HA DET I 2035

Bjørnafjorden har eit allsidig, sterkt, innovativt og berekraftig næringsliv med høg verdiskaping. Vi har både tradisjonsrike og nyetablerte karbonnøytrale føregangsbedrifter, som er verdsleiande innan sine sektorar (m.a. maritim og marin). Lyseparken og Samnøy er kjerneområde for grøn konkurranseskraft i regionen, og næringslivet vårt reduserer stadig klima- og miljøbelastninga, medan verdiskaping og sysselsetting aukar. Vi har eit berekraftig landbruk, aktiv skogskjøtsel og stor etterspørsel etter lokalprodusert mat. Ein mindre del av innbyggjarane våre pendlar ut enn i 2022. Bjørnafjorden er ein attraktiv arbeidskommune med høg sysselsetting og låg arbeidsløyse. Vi har lukkast i å få ungdom, innvandrarar og menneske med nedsett funksjonsevne i arbeid.

#### MÅL – Bjørnafjorden kommune skal arbeida for:

1. grøn næringsutvikling, og fremma inkluderande og berekraftig produksjon og næringsaktivitet, med berekraftig forvaltning og effektiv bruk av naturressursar (FN 12.2)
2. eit næringsliv med netto nullutslepp (jf. reg. næringsplan)
3. å vera ein god vertskommune for næringslivet (FN 9.1)
4. å sikra rett næringsareal til rett føremål, og til rett tid
5. å styrkja primærnæringane våre
6. fleire arbeidsplassar i eigen kommune
7. full sysselsetting og anstendig arbeid for alle innbyggjarane våre, uavhengig av kjønn, alder, funksjonsevne og etnisk bakgrunn (FN 8)
8. å sikra tilgang på kvalifisert arbeidskraft både i kommunale tenester og privat næringsliv

#### STRATEGIAR – Slik gjer vi det

**MÅL 1-2 a)** Vi støttar opp om grøn næringsutvikling – både innan eksisterande næringsliv og nyetableringar innan ulike bransjar, og om omstilling til meir effektiv bruk av ressursar og meir utstrekkt bruk av reine og miljøvenlege teknologiformer og prosessar (FN 9.4).

**b)** Vi byggjer på dei sterke kompetansemiljø vi har, både innan mekanisk/maritim industri, havbruk, trebearbeiding, bygg og anlegg.

**c)** Vi legg premissar for miljøvenleg utforming av næringsbygg.

**MÅL 3 a)** Kommunen er ein føreseieleg, trygg og attraktiv samskapingsaktør og samarbeidspartner gjennom strategisk og langsiktig samarbeid med næringslivet, der vi òg stiller tydelege krav.

**b)** Vi bidrar til å oppgradera og sikra robust og moderne infrastruktur (fibernett, straum, varmegjenvinning), og fysisk infrastruktur på land og ved sjø (hamner/kaianlegg) som legg til rette for eit konkurransedyktig og berekraftig næringsliv.

**c)** Vi arbeider for å sikra tilstrekkeleg kraftforsyning til næringslivet i Bjørnafjorden.

[Utfordringsbilete: KPSt. 2020-24/s. 19-20](#)



**d)** Vi legg til rette for/støttar opp om arenaer for kunnskapsdeling og samarbeid på tvers av bransjar.

**MÅL 4 a)** Vi har god oversikt over eigna næringsareal på land og i sjø og utarbeider og følgjer opp gode og berekraftige arealplanar.

**b)** Kommunen forvaltar jord- og skogbruksressursar på ein slik måte at vi sikrar framtidige behov, og stimulerer til å ta i bruk jordbruksareal som er ute av drift.

**c)** Vi satsar på det vi har gode føresetnader for i Bjørnafjorden, m.a. berekraftig areal til akvakultur, jord- og skogbruksareal, sentrumsareal til eit nasjonalt oselevarcenter på Osøyro, natur- og kulturbasert reiseliv rundt om i kommunen.

**d)** Vi jobbar for at areal som er sett av til Lyseparken energi- og teknologipark på Os og Samnøy industriområde med djupvasskai blir tatt i bruk av høvelege aktørar.

**MÅL 5 a)** Vi stimulerer til fleire småskalaprodusentar, auka sjølvforsyningsgrad og meir lokal handel.

**b)** Vi stimulerer til vidareforedling av jordbruks- og fiskeriprodukt.

**c)** Vi stimulerer til utvikling av omsorgstenester og turisme knytt til gardsbruka våre.


**MÅL 6 a)** Vi jobbar for å gjera det attraktivt for kompetansebedrifter å etablera seg i kommunen.

**b)** Vi legg til rette for at eksisterande bedrifter kan utvida.

**c)** Vi støttar opp om næring som tar utgangspunkt i lokale ressursar, natur, identitet, tradisjon og mat for å utvikla nye produkt og arbeidsplassar.

**d)** Vi støttar opp om/stimulerer til berekraftig og kulturbasert reiseliv og kulturbaserte næringar og arbeidsplassar.

**e)** Vi arbeider for å få statlege arbeidsplassar til Bjørnafjorden kommune.



**MÅL 7 a)** Vi opprettar fleire VTAO-plassar (varig tilrettelagt arbeid i ordinær bedrift) i kommunen, og støttar opp om ASVO Bjørnafjorden og deira tilrettelagde arbeidstilbod.

**b)** Vi skal ha heiltidskultur/heile stillingar i kommunen.

**c)** Vi har eit inkluderande arbeidsliv (med arbeid etter evne).

**d)** Lik lønn for likt arbeid.

**e)** Vi sørger for trygge og sikre arbeidsmiljø for alle kommunale arbeidstakrarar.

**f)** Vi sikrar gode HMS-rutinar ved å stilla krav når kommunen sjølv er tiltakshavar, utøva tilsynsplikta vår, og sikra kjennskap til HMS-krav

gjennom dialogmøte med næringsaktørar og tilrettelagd informasjon til utanlandsk arbeidskraft (FN 3.9).

**g)** Vi samarbeider tett med NAV og deira verkemiddelapparat.

**MÅL 8 a)** Vi tilbyr lærlingepllassar og trainee-stillingar i kommunen og oppmodar næringslivet om å gjera det same.

**b)** Vi samordnar kompetansebehov og kompetansebygging gjennom godt samarbeid mellom næringslivet, kommunen og dei vidaregåande skulane.

**c)** Vi støttar opp om TAF-tilboda i dei vidaregåande skulane våre.



\* I 2021 pendla 5815 arbeidstakrar ut av kommunen (46 % utpendlarar) og 1754 pendla inn (14 % innpendlarar). Dvs. vel 4000 eller 32 % nettoutpendlarar. 6946 personar jobba i eigen kommune.

## D. SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA

### Framtidsbilete: SLIK ØNSKJER VI Å HA DET I 2035:

Utvikling av lokalsamfunna i Bjørnafjorden kommune blir sett på som eit felles ansvar og eit samarbeidsprosjekt mellom innbyggjarar, tilsette i kommunen, politikarar og andre samfunnsaktørar. Bjørnafjorden er oss alle. Vi har fysiske og digitale medverknads- og samskapingsarenaer. Gjennom samarbeid og samskaping – tverrfagleg, mellom politikk og administrasjon, med innbyggjarane, med nabokommunar, regionale og statlege organ og forskingsmiljø – greier vi å finna dei gode løysingane og levera treffsikre tenester.



### MÅL – Bjørnafjorden kommune skal

1. leggja til rette for innbyggarmedverknad i samfunnsutviklinga, og samarbeid og samskaping for å nå utviklingsmål
2. leggja vekt på at barn og unge si stemme blir høyrd i samfunnsplanlegging og arealforvaltning
3. brukar dei politiske råda våre aktivt i planprosessar og saksbehandling
4. styrkja samarbeidet med frivillig sektor
5. samarbeida med næringslivet for å løysa utviklingsoppgåver
6. ha eit aktivt og godt samarbeid med offentlege instansar og andre kommunar

### STRATEGIAR – Slik gjer vi det

- MÅL 1** Vi legg til rette for «innbyggartorg» rundt om i kommunen.
- b) Vi involverer innbyggjarane i viktige utviklings- og plansaker ved bruk av ulike verktøy og metodar for aktiv dialog og samskaping.
- MÅL 2-3 a)** Vi nyttar Barnetråkk som verktøy og metode i samfunnsplanlegginga og gjennomfører regelmessige Barnetråkk-registreringar, som grunnlag for arealplanarbeid på alle nivå.
- b)** Vi brukar elevråda på skulane aktivt og skaper arenaer der barn og unge kan fremja synspunkta sine i plansaker og andre samfunnsspørsmål.
- c)** Vi legg til rette for at ungdomsrådet får møte-, forslags- og talerett i kommunestyret, og møterett i formannskapet før budsjettvedtaket.
- d)** Vi følgjer opp vedtekten til ungdomsrådet med løyvingar til eige budsjett for dette rådet.
- e)** Vi involverer ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i saker og planarbeid på eit så tidleg tidspunkt i saksbehandlinga at dei har reell påverknad på innhald i planar og endeleg utfall av saker.



**MÅL 4 a)** Vi legg til rette for godt samspel og fast samhandling mellom kommunen og frivillig sektor, slik at vi kan supplera kvarandre og finna gode løysingar saman.

- b)** Vi inngår forpliktande samarbeid med frivillige aktørar.
- c)** Vi legg til rette for at eldre kan bidra med sine ressursar til nytte både for dei sjølve og for fellesskapet.
- MÅL 5-6 a)** Vi er pådrivar for samarbeid om samfunnssikkerheit og beredskap gjennom Bjørnafjorden beredskapsråd.
- b)** Vi held fram det gode samarbeidet med andre kommunar i bergensområdet, Statsforvaltaren og helseføretaka frå perioden med pandemi, for å møta/løysa felles utfordringar.
- c)** Vi har godt samarbeid med politiet om trygge lokalsamfunn.
- d)** Vi har ein aktiv dialog med fylkeskommunen og Statsforvaltaren, både politisk og administrativt.

# INNBYGGARINNSPEL



Foto: Ole Henrik Kongsvik

# OPPFØLGING AV SAMFUNNSDELEN

## A. OVERORDNA AREALSTRATEGIAR

Arealstrategiane skal vera bindeleddet mellom samfunnsdelen av kommuneplanen og påfølgjande arealdel. Dei skal sikra at vi følgjer opp måla i samfunnsdelen og fastsetja hovudprinsipp for langsiktig arealbruk, arealforvaltning og tettstad- og bygdeutvikling, i samsvar med lokale, regionale og nasjonale mål. Regional areal- og transportplan (RTP) for bergensområdet 2017-2028 og Byvekstavtalen legg viktige føringer for den arealmessig minste delen av kommunen, Os-sida, der det bur flest folk. Den største delen av kommunen, Fusa-sida, er ikkje del av avtaleområdet for Byvekstavtalen/Miljøloftet og RTP for bergensområdet. Vi må ha mål som høver for begge delar av kommunen, ikkje anten – eller, men både – òg.

### 1. LEVANDE BYGDER OG ATTRAKTIVE TETTSTADAR

Bjørnafjorden er ein kommune i vekst. Det er likevel stor variasjon i folketalsutviklinga i ulike delar av kommunen. Vi vil leggja til rette for ei utvikling som bidrar til at innbyggjarane våre kan leva gode liv uavhengig av kvar i kommunen dei bur. Kva som er gode liv, er det ulike oppfatningar om, og vi har ein variert kommune med rom for mangfald.

Vi har rom for ulike buformer, i folkerike område eller tettare på naturen, i leilegheit i sentrum eller på småbruk med meir plass, i meir urbane område med tilhøyrande tilbod eller meir landleg, der ein må rekna med å reisa litt for å få ordna alt ein treng.

Bygdene og tettstadane våre har vakse fram over lang tid, ut frå funksjonar dei fyller og ut frå samferdselsårer. Funksjonane har endra seg over tid i tråd med den generelle samfunnsutviklinga. Det kan vera butikkar, post, kyrkjer, gravplassar, arbeidsplassar, bankar, forsamlingshus, skulebygg, barnehagar, idrettsanlegg, serveringsstader, overnatningsplassar, offentlege kontor, helse- og velferdsinstitusjonar, feriekai og bussterminal. Vi finn ulike funksjonar på ulike stadar i kommunen. Nokre av desse funksjonane er viktige berre for akkurat denne bygda/staden, andre er av betydning for eit større område.

Vi skal støtta opp om eksisterande funksjonar og funksjonsdeling – både i region- og komunesenteret Os, komunedelsenteret Eikelandsosen, tettstadane og bygdene våre rundt om i kommunen. Navet i bygder og tettstadar er dei naturlege møteplassane. Ein plass er det skulen, ein annan stad lokalbutikken, i ei bygd er det forsamlingslokalet eller idrettsanlegget, ein annan stad kjøpesenteret – og på større tettstadar alle desse.

Vi skal ha ei berekraftig utvikling av kommunen. Den samla arealbruken skal medverka til det. Det vil seiia at vi må ta omsyn til natur, klima og miljø og ikkje leggja opp til stor bustadbygging, eller til å plassera sentrumsfunksjonar, på stadar som gjer at det blir auka transportbehov, nedbygging av landbruksareal eller tap av naturmangfald. Det betyr at det ikkje er noko smart løysing å plassera sentrumsfunksjonar *utanfor* sentrum. Vi skal plassera dei slik at dei støttar opp om sosiale møteplassar og det sosiale livet i bygdene og tettstadane våre – og bidrar til sosial utjamning og god folkehelse. Kommunen si evne til å yta tenester blir påverka både av tilgang på arbeidskraft, kommuneøkonomi og avstandar. Det betyr at vi ikkje kan tilby alle tenester alle stadar. Vi kan t.d. ikkje byggja sjukeheimar i alle bygder.

«Utviklingsplan for Vestland» gir oss gode føringer med mål om å vera pådriver for eit regionalisert og desentralisert Noreg, om klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling, om like mogleheter til å delta i verdiskaping og om lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv. Vi vil – som Vestland – utvikla menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar i alle delar av den nye kommunen vår. Vi skal arbeida for å styrkja kvalitetar og føresetnader i den enkelte tettstad og bygd. [Statistisk sentralbyrå \(SSB\) definerer tettstad](#) som ein stad med over 200 busette, der avstanden mellom husa ikkje er meir enn 50 meter. Vi har pr. i dag sju tettstadar i Bjørnafjorden.

Det største arealet i kommunen (73 %) ligg på austsida av fjorden – Fusa-sida. Her bur det færrest innbyggjarar og det er minst press på areal. Den einaste tettstaden her er Eikelandsosen, som er komunedelsenter og hovudsatsingsområde for offentlege fellesfunksjonar og folkevekst på

denne sida. Det krev vidareutvikling av sentrumsfunksjonar og tilrettelegging for bustader. Vi har ni bygder som har sine mindre sentrum, der fellesfunksjonane i bygda er samla: Strandvik, Vinnes og Fusa-bygda på Fusahalvøya, Holmefjord og Bogøy i nordre del, Holdhus i Hålandsalen, og Sævareid, Baldersheim og Nordtveit i søre del av kommunen. I tillegg har vi spreidd busetnad i Lygropollen lengst sør i kommunen.

På vestsida av fjorden – Os-sida – bur 85 % av innbyggjarane på 27 % av arealet. Her er presset på areal naturleg nok større. Her ligg region- og kommunesenteret Osøyro, som vi vil styrkja – men ikkje berre med

bustader – for at det skal vera attraktivt og relevant både for fastbuande og besøkande. På Os-sida finn vi i tillegg til Osøyro tettstadane Nore Neset, Søfteland, Søre Øyane, Søvik i Lysefjorden og Halhjem/Søre Neset, og bygdene/krinsane Nore Øyane/Strøno og Hegglandsalen. I tillegg har vi spreidd busetnad i området Indregardane mot grensa til Samnanger.

Ein ny regional plan for berekraftig senterstruktur og levande lokalsamfunn i Vestland 2023-2035 er under arbeid. Det skal arbeidast vidare med senterstruktur i den første arealdelen til kommuneplanen for Bjørnafjorden kommune.

Folketal i tettstadar og bygder i Bjørnafjorden og endringar frå 2010 til 2022			
BYGDER OG TETTSTADAR	INNBYGGARAR 2010	INNBYGGARAR 2022	ENDRING 2010-2022
Eikelandsosen	938	924	-14
Holmefjord	294	334	40
Bogøy	197	182	-15
= Nordre Fusa	491	515	24
Strandvik	442	526	84
Vinnes	286	313	27
Fusa	498	507	9
= Fusahalvøya	1226	1346	120
Hålandsalen (= Holdhus, Øvre Hålandsdal og Skogseid)	530	482	-48
Sævareid	246	242	-4
Baldersheim	221	179	-42
Nordtveit	97	78	-19
Lygropollen	69	51	-18
= Søre Fusa	633	550	-83
Osøyro	4516	5598	1 082
Kuven (= Tøsdal, Hetlefåten, Ulven, Varåsen og Kuven)	2695	3050	355
= Os sentrum	7 211	8648	1 437

Lysefjorden	1328	1666	338
Søfteland	1519	2366	847
Søre Neset	2407	3549	1 142
Nore Neset	2249	2874	625
Søre Øyane	948	1137	189
Nore Øyane	523	570	47
Hegglandsdalen og Indregardane	489	554	65

Statistisk sentralbyrå (SSB) opererer med 50 grunnkretsar i Bjørnafjorden kommune, som dei har slått saman til seks delområde. Delområda har ei anna samansetjing enn det som er vanleg lokalt. Vi tar likevel med ei oversikt over folketalet i desse delområda for å visa scenario for 2035 ved «historisk høg attraktivitet», det vil sei dersom den høge attraktiviteten frå dei siste ti åra bli oppretthalden.

SSB sine DELOMRÅDE	INNBYGGARAR 2010	INNBYGGARAR 2020	ENDRING 2010-2020	SCENARIO 2035	ENDRINGSProg- NOSE 2021-35
«Fusa sør» (= Sævareid, Baldersheim, Nordtveit, Lygrepollen)	633	583	-50	496	-84
«Fusa nord» (= resten av Fusa-sida)	3185	3276	+91	3376	+97
«Hegglandsdalen» (= grunnkretsane Bogstrand, Lønningdal, Hegglandsdalen, Hauge, Hjelle, Lyssand, Hatvik)	2766	3273	+507	3446	+163
«Lysekloster-Søfteland»	2847	3921	+1074	5581	+1562
«Osøyro» (= Hetlefåten, Tøsdal, Kuven, Ulven, Varåsen, indre og ytre Moberg, Osøyro)	4934	5890	+956	6834	+887
«Neset-Øyane» (= Søre og Nore Neset, Søre og Nore Øyane)	6127	7923	+1796	10.358	+2291

## 2. AREALMÅL OG AREALSTRATEGIAR

### Kommunesenter og kommunedelsenter (mål 1)

MÅL 1: Osøyro og Eikelandsosen skal vera attraktive som region-/kommunesenter og kommunedelsenter, arbeidsstader, regionale handelssenter og kollektivknutepunkt.

#### Strategiar:

- a) Vi samarbeider aktivt med stat, fylke, lokalt næringsliv og frivillig sektor for å utvikla Osøyro og Eikelandsosen i samsvar med områdeplanane.
- b) Vi støttar opp om eksisterande funksjonar og funksjonsdeling og styrker sentrumsområda.
- c) Vi legg til rette for fortetting og gjenbruk av utbygd areal og for samlokalisering av bustad, handel, tenesteyting, møteplassar.
- d) Sambruk og fleirbruk skal vera grunnleggande prinsipp for å skapa aktivitet og best mogleg utnytting av areal og ressursar.
- e) Vi legg til rette for husvære for eldre, ungdom og menneske med særlege behov for tilrettelegging.
- f) Vi styrkar koplinga mellom sjø og land på Osøyro og i Eikelandsosen.
- g) Vi planlegg areal til kulturbasert næring i kommunesenteret og kommunedelsenteret.
- h) Vi prioriterer dei mjuke trafikantane og legg til rette for eit finmaska og trygt gangnett.
- i) Vi bygger opp under eksisterande kvalitetar i senterområda, tar omsyn til kulturminne og kulturlandskap og set av omsynssoner rundt viktige kulturmiljø.
- j) Vi satsar på sirkulærøkonomi og gjenbruk av eksisterande bygningar og anlegg, m.a. ved vern gjennom bruk av kulturarven vår.

### Tettstadar og bygder (mål 2)

MÅL 2: Vi skal ha livskraftige og berekraftige tettstadar og bygder med sentrale fellesskapsfunksjonar og møteplassar.

#### Strategiar:

- a) Vi legg til rette for at det skal vera mogleg å byggja bustadar, i ulikt omfang, i tettstadar og bygder i heile kommunen. Ev. nye byggefelt skal plasserast nær (i gang-/sykkelavstand til) fellesfunksjonar som skule, barnehage, lokalbutikk, fritidstilbod og kollektivpunkt.
- b) Vi sikrar at bustad- og næringsutbygging i hovudsak skjer i område der teknisk infrastruktur (veg, vatn, avløp) er tilrettelagd.
- c) Vi prioritærer fortetting der det allereie er fellesfunksjonar og infrastruktur (prinsippet om utbygging innanfrå og ut).
- d) Vi legg til rette for sentralt plasserte bygg med fleire funksjonar.
- e) Vi legg til rette for sentralt plasserte husvære for eldre, ungdom og menneske med særlege behov for tilrettelegging.
- f) Vi bygger opp under eksisterande kvalitetar i sentrumsområda, tar omsyn til kulturminne og kulturlandskap og set av omsynssoner rundt viktige kulturmiljø.
- g) For å oppretthalda busetnad og bumiljø i spreiddbygde område, legg vi til rette for at det framleis skal vera mogleg å byggja enkeltbustader ved behov. Dei bør vera tilknytt eksisterande infrastruktur og bør ikkje vera i konflikt med landbruksjord eller natur- og kulturmiljø.
- h) Vi satsar på sirkulærøkonomi og gjenbruk av eksisterande bygningar og anlegg, m.a. ved vern gjennom bruk av kulturarven vår.

## **Mobilitet, transport og infrastruktur (mål 3-4)**

**MÅL 3:** Det skal vera lett og trygt å koma seg frå A til Å: Fleire skal kunna gå, sykla eller reisa med kollektive løysingar. Kollektivtilbodet skal bli betre. Vi skal ha tryggare vegar og meir effektiv trafikkavvikling.

**MÅL 4:** Fleire skal velja nullutsleppstransport.

Strategiar til mål 3-4:

- a) Vi arbeider for trygge og enkle løysingar for gåande og syklistar.
- b) Vi plasserer bustadområde/byggefelt i gang-/sykkelavstand frå sentrumsfunksjonar, som skule, barnehage, lokalbutikk, fritidstilbod og rekreasjonsområde, i tettstadane og bygdene våre.
- c) Vi arbeider for nullvekstmålet for persontransport i avtaleområdet for byvekstavtalen.
- d) Vi er proaktive og sørger for at Bjørnafjorden kommune får meirverdi ut av store statlege samferdsleprosjekt som går gjennom kommunen. Arealkonsekvensar av desse prosjekta følgjer vi opp i ny KPA for Bjørnafjorden kommune.
- e) Vi arbeider for betre infrastruktur for låg- og nullutsleppskøyretøy.
- f) Vi satsar på innovasjon og smarte løysingar innan transport og reisemåtar.

## **Bustad og bumiljø (mål 5)**

**MÅL 5:** Vi skal ha helsefremmande bumiljø som er attraktive og trygge.

Strategiar til mål 5:

- a) Vi set av areal til friluftsliv i nærmiljøa i alle bygder/krinsar og tettstadar og sikrar allmenn tilgang til område for friluftsliv ved sjø og vatn i nærmiljøa.

- b) Vi planlegg areal til gode, inkluderande møteplassar og aktivitetsfremmande uterom i bustad- og sentrumsområde.
- c) Vi legg til rette for varierte bustadtilbod for alle livsfasar, i ulik storleik og prisklasse, i bumiljøa våre.
- d) Vi sikrar omsynet til universell utforming og barn og unge sine interesser i bustad- og arealplanlegginga.
- e) Vi vurderer nøye, og tar særleg omsyn til, samfunnssikkerheit og beredskap i all arealplanlegging – med ekstra vekt på overvatn, ras- og flaumfare, kvikkleireområde og havnivåstiging.
- f) Vi har oppdatert oversikt over klimarisikoene i Bjørnafjorden og kunnskapsbaserte tiltak for klimatilpassing.

## **Arealrekneskap (mål 6-9)**

**MÅL 6:** Vi skal ha god oversikt over naturmangfaldet i kommunen, føra arealrekneskap og forvalta naturressursane våre på ein slik måte at vi tar omsyn både til naturen si toleevne og innbyggjarane sine behov.

**MÅL 7:** Vi skal framleis ha store samanhengande, urørte naturområde både på sjø og land, og samanhengande skog- og jordbruksområde.

**MÅL 8:** Vi skal nå Bjørnafjorden sin del av det nasjonale jordvernsmålet.

**MÅL 9:** Vi skal forvalta strandsona i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag på ein planmessig måte og ta stilling til bruk og vern.

Strategiar til mål 6-9:

- a) Vi legg til rette for ein arealbruk som gir minst mogleg klimafotavtrykk, og bidrar til å stogga tapet av naturmangfald og jordbruksressursar.
- b) Vi tar vare på ulike kategoriar natur og naturressursar: dyrka mark/matjord, strandsone, verdifull natur, sårbare og verna artar.

- c) Vi prioriterer bygging på område som ikkje er dyrkbare, og unngår oppsplitting og nedbygging av samanhengande skog- og jordbruksområde.
- d) Vi set av kjerneområde for landbruk (jord- og skogbruk).
- e) For å sikra at matjordlaget blir tatt vare på og brukt, stiller vi krav om matjordplan i byggesaker og reguleringsplanar som tillet omdisponering av dyrka og dyrkbar mark.
- f) Vi tar vare på naturmangfaldet i skogen og i jordbruket sitt kulturlandskap.
- g) Vi tar vare på myrområda i kommunen i størst mogleg grad.
- h) Vi haustar av ressursane våre utan å forbruka dei.
- i) Vi legg til rette for pollinerande insekt i heile kommunen.
- j) Vi følgjer opp arealbehov frå sektor- og temaplanar i arealplanlegginga til kommunen, med særleg fokus på innbyggartenester (som barnehage, skule, institusjonar, bufellesskap, idrettsanlegg og kulturtilbod), samferdsel og næringsliv.
- k) Vi kartlegg potensialet for transformasjon i bustadmassen i kommunen.
- l) Vi tar særleg omsyn til naturmangfald, natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i strandsona.

### 3. STORE STATLEGE SAMFERDSLEPROSJEKT SOM BERØRER BJØRNAFJORDEN KOMMUNE

#### E39 Stord-Os (Hordfast) med bru over Bjørnafjorden

Dette er eit av dei største samferdsleprosjekta i Noreg og del av ferjefri E39 Stavanger-Trondheim. Statleg kommunedelplan vart vedtatt i 2019, og det blir utarbeidd statleg reguleringsplan, som skal på høyring hausten 2022. Prosjektet ligg inne i Nasjonal transportplan (NTP) 2022-2033 med forventa byggestart i slutten av den første NTP-perioden 2022-2027.

Overordna mål for prosjektet er eit effektivt, miljøvenleg og trygt transportsystem. Ny E39 mellom Ådland på Stord og Svegatjørn på Os skal, iflg. Statens vegvesen, gi ein enklare, tryggare og raskare reiseveg for trafikantar og næringsliv. Reisetida vil bli redusert frå 90 til 30 minutt. Vegen blir planlagd som firefelts motorveg med ei fartsgrense på 110 km/t. Lengda er 55 km.

Vegvesenet opplyser òg at teknisk utgreiingsarbeid for bruene over Bjørnafjorden og Langenuen pågår.



#### Arm til Bergen frå E134

Konseptvalutgreiing (KVU) for E134-arm – utgreiing av alternative måtar å løysa dette på – er under arbeid.

#### Konsekvensar i Bjørnafjorden av slike store samferdsleprosjekt

- Arealbruk: Dei bandlegg areal, for trasé og gjennom føringer for bruken av arealet langs traseane (noverande og framtidig bustad, næring osv.)
- Naturinngrep - Plassering og bruk av tunnelmassar - Moglege konsekvensar for utbyggingsmønsteret i kommunen

#### Strategiar (sjå strategi d) til arealmål 3-4)

Vi er proaktive og sørger for at Bjørnafjorden kommune får meirverdi ut av store statlege prosjekt som går gjennom kommunen vår. Arealkonsekvensar må følgjast opp i ny KPA for Bjørnafjorden kommune.



## B. STYRINGSSYSTEM

**Kommuneplanen** er heimla i plan- og bygningslova (pbl) § 11 og skal vera Bjørnafjorden kommune sitt overordna og viktigaste strategiske styringsdokument. Den skal ha eit 12-årsperspektiv og omfattar ein samfunnsdel med handlingsdel, og ein arealdel. Under arbeidet med kommunal planstrategi kvart 4. år skal kommunen vurdera om det er nødvendig å rullera heile eller delar av kommuneplanen.

**Samfunnsdelen** skal vera retningsgjevande for kommunen sin politikk i planperioden og skapa grunnlag for dei andre planane våre. Her skal vi finna visjon for utviklinga av Bjørnafjorden, tydelege satsingsområde og strategiar. Dette omfattar òg føringar for arealbruken i kommunen.

**Handlingsdelen til kommuneplanen** er knytt til kommunen sin økonomiplan. Her finn vi prioriteringar og tildeling av ressursar, fordelt på

### Plansystem

Mellom den overordna, strategiske kommuneplanen og handlingdelen med økonomiplan, ligg nokre «lag» med meir detaljerte planar. På samfunnsplansida finn vi planar som gjeld samfunnsutvikling og kommunal tenesteyting, med strategisk utdjuping for sektorar og tema, og til slutt handlingsplanar med tilhøyrande delmål og tiltak. På arealplansida finn vi kommunedelplanar (KDP), område- og detaljreguleringsplanar. Sjå illustrasjon.

FN sine berekraftsmål skal vera med og danna grunnlaget for planarbeidet og verksemddsstyringa vår. Vi skal bruka den nasjonale taksonomien til berekraftsmåla, og planmodulen og økonomiplanmodulen i styringsverktøyet «Framsikt», for å sikra god samanheng og at vi prioriterer det viktigaste.



driftsbudsjett og investeringar. Mål og strategiar frå samfunnsdelen skal brukast som utgangspunkt for *prioriteringar* i handlingsplan med økonomiplan og *rapporteringar* i tertial/årsmelding. Prioriteringane skal òg vera ei oppfølging av mål og tiltak frå planar på tenesteområda. Handlingsdelen med økonomiplan gjeld for fire år, men blir rullert årleg (årsbudsjett/mål/tiltak).

Tenesteområda rapporterer på måloppnåing og økonomi i **årsmelding** og **årsrekneskap**.

**Arealdelen** skal visa hovudtrekka i arealbruken i Bjørnafjorden, både no og i framtida. Han gir rammer og vilkår for nye tiltak, ny arealbruk og kva omsyn som må takast. Saman med føresegnene er arealplankartet juridisk bindande.